

Helsing til Haramsøy Bondekvinnelag

Til deg som la ditt arbeid ned på heimleg grunn,
til deg som overtok der far og feder rudde,
til deg som ol fram barneflokken sterk og sunn,
til deg som myr og mo til vollar snudde,
til deg som tok dei mange tunge tak,
til deg eg gjev mi helsing her i dag.

So lang ein strid det var i tider harde
for øyabonden utmed havet her.
I open båt til havs har mange fare
i sol og stille som i våsever.
Vår fortid er so rik på tunge, triste hende
om menn som stemnde ut mot fengda stor,
og sidan aldri meire heimatt vende,
og ikkje kom til kvild i vigsla jord.
Kor mang ei tåre fall i myrke vinternatt
der farlaus barneflokk i modløysa sat att.
Men nye ætter måtte ut der gamle segna,
for livsens berging låg deri å få ut vegna.

Han gav 'kje nok til føde garden heime
i tungvindt drift med mange teigelag.
Og beinbert fe i mørke fjøs og stekker,
som raga utsvelt fram mot sumaren ein dag
gav lite att for mykje slit og møde
med akt og stell i trange fjøs og løde.
Med utmarkslått frå nedste fjørereine
til fjell og urd i millom kratt og eine.
Ein kava ofte blindt i gamle tradisjoner,
der framstegsvegen tidt so open låg,
og framstegsmannen som med vidsyn såg
mot nye mål, og nye vegar tok,
vart jamnast hædd og spotta som ein krok.

Gamle tun seg samankrøkte
hus i hus med trange smog,
på ein stormspak voll dei låg,
ly mot storm og vetter søkte.
Folk og ætter samanfløkte,
blodsband som med sterke røter
gav den sosiale styrke,

samhjelp, samvær helg og yrke.

Nye tider kom og gav
betre kår på land og hav.
Slutt med segl og tunge årer,
hestekrefter overtok.
Større fengder, mindre farer,
lærdom rik frå blad og bok.
Folk or gamletuna rømde,
nye gilde gardar blømde,
gilde hus og store løder,
meire avdrått, mindre møder.

I dag ligg bygda velstandsblid og raust,
det blinkar skarpt frå varme, lune stover.
Om stormen stundom kaster hardt i tak og nover,
me søv i våre senger like traust.
Og våre gutar gjeng til havs i store, staute skuter,
har årviss fengd og jamnast gode luter.
Sjå over gamle gjødselmetta vollar
der stakkars Blakken tok so mange tak,
ein malmsterk Ferguson tek alt med ro og mak,
og likevel so mykje meir det follar.
Og vesle Grålin som gjekk si vande rås
og tok si sumarføde over lange leite
ho er vekk, med Rølin no vil springe radt sin bås
og vassar rundt i knehøgt kulturbeite.
Der før ho mor sat krøkt og sleit dei dyre dropar,
stend far og setjer Erlands mjølkekoppar på.
Og Rølin mjølker so det or vegen ropar,
det er godt at Grålin stakkar slepp å sjå.

Og so eit ord då til vårt bondekvinnelag,
ei helsing frå søner til mødre eg sender
som samlast her ein stormhard vinterdag,
ei lita kvild for slitne, harde hender,
ei fristund frå det jamne dagsens jag.
Lat oss so vona at dei neste tjuge år
må bli ein framstegsbolk med stendig betre kår.

*20. januar 1957
Johan G. Ulla, Haramsøy*

